

Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Bergen

Tid og stad	Torsdag 22.05.2025 kl. 09.00-14.00, Finstua, Bikuben kurs- og konferansesenter
Til stade	FFO: Eli Sjo, Michael Sønnesyn, Maria Stokke Mindestrømmen, Lene Nilsen, Sonja Ljostveit (vara). SAFO: Renate Toft, Christel Bersaas-Nesse, ProLARnett: Christine Lønne, Vestland Innvandrerråd: Everline Mjømen, Kreftforeningen: Atle Grung Eide. Seksjon for samhandling: Randi Bjørgen Johannessen (referent) og Merete Eide Hernes
Fråvær	Pensjonistforbundet: Torveig Botnen, FFO: Marianne Sundvor

Sak	Saka gjeld
25/34	Godkjenning av dagsorden og innkalling Godkjenning av referat frå møtet 28.04.25 Avgjerd: Referat frå møtet 28.04.25, innkalling og dagsorden er godkjend.
25/35	Plan for Lærings- og mesitringsssenteret (LMS) fram mot 2030 v/ Vibeke Irgens og Ranveig Bakketun LMS er eit senter for opplæring av pasientar og pårørande, og holdar til Ulriksdal helsepark. Fasilitetar: to klasserom for 28 og 24 personar, tre grupperom, digitale rom tilrettelagde for digitale kurs og treningssal. Målet for kursa er å sette pasientane i fokus, og dei skal kunne medverke med sine egne erfaringar og forståing for eigen situasjon. Her møter ein erfarne pasientar og pårørande som fortel korleis dei lever sine liv med helseutfordringar. På kursa får deltakarane undervisning og rettleiing, og dele erfaringar med kvarandre. Kursa kan vere både individuelle og gruppebasert, det kan vere diagnosespesifikk eller ha eit generelt fokus på det å leve med ei helseutfordring og meistre kvardagslivet. LMS er forankra i verdiane om brukarmedverknad og sidestilling av brukarerfaring og fagkunnskap. Læringstilbode blir utvikla i nært samarbeid med dei ulike fagmiljøa og brukarorganisasjonane. LMS er ein koordinerande teneste kor avdelingar i sjukehuset, og pasientorganisasjonar tar kontakt for kurs, og for å opprette kurs. Pasientane må ha ein tilvising frå fastlege eller sjukehuslege – for å delta på kursa. Fokus fram mot 2030 er blant anna korleis samarbeidd tettare med pasientorganisasjonane, unngå same kurs i sjukehus og pasientorganisasjonane kryssar kvarandre og kartlegga kva grupper som manglar lærings- og meistringstilbod. Pasientar kan ha med tolk på kurs, brukas lite og er noko dei vil ha fokus på vidare. Det er ulik praksis på korleis informasjon om kursa blir delt ut i sjukehuset. Det blir sendt ut informasjon til ein del organisasjonar som delar vidare på Facebook osv. Det planleggast for faste møtepunkt med pasientorganisasjonane for tettare samarbeid. <i>Innspel i møtet:</i> - Helse og rus feltet bør bli prioritert - Innvandrar gruppene, korleis nå dei betre. - Gjere tolke fasilitetane betre.

	- <i>Betre informasjon rundt om på sjukehuset.</i> - <i>Unngå at like kurs kryssar kvarandre.</i> Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for orienteringa og moglegheit til å komme med innspel.</i>
25/36	Orientering om ny retningslinje for honorering av brukarmedverkar v/Merete Eide Hernes. Det vart orientert om ny retningslinje for honorering av brukarmedverkarar i Helse Bergen; Honorering av brukarmedvirkere. Nye satsar for brukarmedverknad på tenestenivå og i ungdomsråd er gjeldande frå 06.05.25. Nasjonal retningslinje for brukarmedverknad på systemnivå i helseføretak gjeld for Brukarutvalet når dei har oppdrag på systemnivå. Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og tek den til orientering.</i>
25/37	Kva rører seg i sjukehuset? v/Merete Eide Hernes Det blei gitt ei kort orientering frå rådgjevar i Seksjon for samhandling om ulike nyheiter frå sjukehuset, og dessutan ein gjennomgang av rapportar knytt til ventetid, fristbrot, operasjonsaktivitet, pasienterfaringar og sjukefråvær. Innspel frå Brukarutvalet at spørsmålet om ein vert involvert i avgjerder om eiga behandling kan vere vanskeleg å forstå og at ein derfor svarar midt på treet. Dette kan vere årsaka til at ein scorar dårlegare her. Brukarutvalet vil vurdere å invitere dei som jobbar med undersøkinga inn til eit møte for å få meir informasjon og gje innspel. Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for orienteringa.</i>
25/38	Høyringsuttalelse; Prehospital plan v/leiar Eli Sjo Forslag til høyringsuttalelse blir lese opp. Avgjerd: <i>Koordinator sender høyringsuttalelse til Tommy Nybakk</i>
25/39	Eventuelt - Vararepresentant i Fagråd Geriatri : Christel Borge Bersaas-Nesse - Informasjon om universell utforming, Augebygget v/Michael Sønnesyn - DigitalHelse25 blei gjennomført 19. og 20. Mai. Deltakarar frå brukarutvalet beskrev det som ein bra og informativ konferanse for digitale løysningar. - Leiar Eli Sjo er påmeld Helse Vest kvalitets- og registerkonferanse 3. og 4. juni 2025. Informasjon frå konferansen vil bli gitt på eit av møta i Brukarutvalet. Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for orienteringa.</i>
25/40	Delprosjekt Sandviken, orientering og innspel v/ Eirik Elsaas Rapporten samanfattar oppfordringane til arbeidsgruppa for vidare utvikling av Sandvikenområdet etter at akuttfunksjonane innan psykisk helsevern flyttar til Årstadhuset i 2029. Arbeidsgruppa har hatt som mål å definere korleis området best kan brukast for å møte framtidens behov innan spesialisert behandling, rehabilitering og sikkerhetspsykiatri. Sentralt i arbeidet står behovet til pasientane for heilskaplege og samanhengande behandlingsforløp, i eit tett samarbeid mellom brukarane, spesialisthelseteneste, kommune og kriminalomsorga. Rapporten anbefaler at Sandvikenområdet blir utvikla som eit spesialisert område uten DPS-funksjoner, med vekt på langtidsrehabilitering, styrkt sikkerhetspsykiatri og døgnplasser for pasientar med komplekse og samansette behov. Det blir lagt opp til differensierte forløp og

	eigne inntaksmodellar for dei ulike einingane, og pasientinntaket skal organiserast utan ein sentral «ein-veg-inn»-modell på området. Kapasiteten for lukka plassar må styrkast – men blir organisert fleksibelt, slik at ressursane kan tilpassast behovet til pasientane over tid. Det blir også foreslått hybridløysingar mellom spesialisthelseteneste og kommune, der tilbodet ikkje fullt ut kan dekkast av eitt tenestenivå aleine. Forslaget inkluderer samdrift av tenester til pasientar med store og samansette behov. Avdeling for rusmedisin (AFR) funksjonane og kompetansen sine er ein viktig del av det vidare tilbodet på området. Det blir også foreslått å vidareutvikle Sandvikensområdet som ein sentral lokasjon for forskning, utdanning og kompetanseutvikling. Avgjerd: Brukarutvalet takkar for informasjonen og vil sende kommentarar og innspel innan veke 25.
25/41	Rehabiliteringstilboda i spesialist- og kommune helsetenesta; lokal oppfølging av Riksrevisjonens rapport v/Eileen Langedal rådgivar - byrådsavdeling for eldre, helse og omsorg. Arbeidsgruppa for områdeutvalet for Bergen i helsefellesskapen har lagt fram forslag til lokale tiltak som kan forbetre samhandling innan rehabilitering, mellom spesialisthelsetenesta og Bergen kommune (BK). Arbeidet til arbeidsgruppa, i tråd med mandatet, er avgrensa til somatisk rehabilitering for vaksne. Arbeidsgruppa har hatt med seg i arbeidet, at mange med rehabiliteringsbehov har samansette utfordringar, for eksempel ein kombinasjon av somatiske og psykiske helseproblem og rusutfordringar. Fleire av funna i Riksrevisjonens rapport er kjennelege for BK, samtidig som noko skil seg ut. For eksempel har BK, som ein stor kommune, eit meir variert tilbod og større breidde i kompetanse enn mindre kommunar. Samtidig er det utfordringar knytte til kapasitet og ventetid på enkelte tenester, og dessutan eit avgrensa lærings- og meistringstilbod. Når det gjeld spesialisthelsetenesta er det påvist store forskjellar mellom dei regionale tiltaksamråda i del pasientar som får rehabilitering. Helse Vest har per 2021 lågast rehabiliteringspasientar i Noreg. Det er samtidig usikkert kva som kan sjåast på som rett nivå. Arbeidsgruppa har valt å ikkje gå inn i ovannemnde utfordringar eller liknande problemstillingar som er knytt til kapasitet, økonomi og kompetanse o.l. Fokuset har vore kva som kan gjerast lokalt for å betre samhandling innan rehabiliteringsfeltet. Tiltaka er knytt til følgjande forbettringsområde: • Kunnskap om kvarandre - mange kommunar, ulik bruk av omgrep • Kommunikasjon og felles forståing • Samhandling i overgangar • Målgruppa personar med muskel- og skjelettlidingar/ psykisk uhelse, der målet er utdanning og arbeid. Ei gruppe som ofte fell mellom to stolar. Arbeidsgruppens forslag kan også være relevante for de andre prioriterte målgruppene i helsefellesskapet. Dette gjelder i særleg grad personer med flere kroniske lidelser (sammensatte behov) og eldre med skrøpelighet som har behov for rehabilitering. Innspel i møtet: - <i>Universell utforming av nettsider.</i> - <i>Betra informasjon på Saman.no</i> - <i>Overordna tiltak: digitale verktøy og fagsystem.</i> - <i>Standardiserte verktøy for ulike grupper.</i> - <i>Ønske same navn på same tenester: per nå er det ulikt.</i> - <i>Samkøyre kva vi har felles med dei andre områdeutvala.</i>

	Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for god og systematisk gjennomgang av forslag til tiltak.</i> <i>Brukarutvalet ønsker å gi skriftleg innspel. Koordinator undersøker moglegheit for å få tilsendt rapporten frå dei tre andre områdeutvala.</i>
--	--